



Team Hardanger

Referat frå møte i Team Hardanger

Torsdag 07.09.2017 kl 09.00 – 13:00

Stad: Kvam rådhus, Norheimsund

Tilstades: Jan Tjosås, Natalia Golis, Lisbeth Bygstad Celik, Marie Opheim, Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim

Forfall: Sigrid Brattabø Handegard, Elisabeth Wesenlund Hauge, Rannveig Børve, Olav Seim, Sigmund Vereide.

Sakliste

1. Fellesprosjekt «Hardanger 365»

a. Gjennomgang av utkast til søknad til Hordaland fylkeskommune

Utsendt utkast til søknad vart gjennomgått og drøfta. Ein konkluderte med at det i søknaden må framkoma meir tydeleg beskriving av:

- Mål
- Tiltak
- Forankring
- Samarbeid med Reisemål Hardanger Fjord
- Tids og kostnadsplan for dei ulike aktivitetane
- Finansieringsplan som viser reiselivet sin eigeninnsats

Nytt utkast til søknad vert oversendt medlemmane i Team Hardanger for uttale.

2. Studietur til Gloppen 2017.

a. Drøfting av invitasjon – program

Dette tema vart ikkje drøfta då Sigmund Vereide som er sentral for arrangementet hadde forfall til møtet. Administrasjonen avklarar utarbeiding av invitasjon i samarbeid med Sigmund Vereide. Invitasjon går til alle overnattingsstader/hotell i Hardanger ved økonomiansvarleg og kjøkkensjef. Invitasjon og tilbakemelding må vera avklart innan tidsfrist for kansellering av reserverte hotellrom ved Gloppen Hotell.

- Viktig fokus for turen: Korleis få servitørar til å formidla kunnskap om lokal mat og drykk. Dette må forankrast i leiinga for kvar bedrift.

3. Hardangerkonferansen 2017

a. Statusorientering

Dagleg leiar orienterte kort om programmet for årets konferanse.

4. Runde rundt bordet – Nytt frå kvar kommune.

Utsett til neste møte

5. Innmeldte saker

Ingen innmeldte saker

6. Ymse

Ingen saker.

Kinsarvik 28.09.2017

Natalia Golis/s
Leiar

Jostein Eitrheim
sekretær